



KOMMUNAL- OG MODERNISERINGS-
DEPARTEMENTET
Postboks 8112 DEP
0032 OSLO

Dato: 26.04.2018
Vår ref.: 2016/11258-26
Saksbehandlar: terhaug
Dykkar ref.:

Sluttrapport for prosjekt Kunnskap gjer terskelen låg og den digitale porten vid: digital kompetanseheving i folkebiblioteka 15/4551-172

Tilskott til kommunale rettleiartenester innan digital kompetanse - Hordaland fylkesbibliotek

SAMANDRAG

Vi viser til Kommunal- og moderniseringsdepartementets (KMD) tildeling av tilskot til kommunale rettleiingstenester innan digital kompetanse på kr 60 000 til Hordaland fylkesbibliotek, 28.11.2016 og godkjenning av forlenga frist til å gjennomføra tiltaket, 27.11.2017 (dykkar ref. 15/4551-332).

Hordaland fylkesbibliotek har i samsvar med tildelinga gjennomført kurs for rettleiarar innan digital kompetanse hausten 2017. Målet har vore å gjera dei tryggare på opplæring for vaksne i grunnleggande digitale ferdigheiter. Kursleiar var Eddie Pedersen frå Kompetanse Norge. Kurset tok for seg digitale ferdigheiter, rettleiingspedagogikk for vaksne og dei nasjonale digidel-ressursane. Vi opna også for dialog og erfaringsdeling mellom dei 37 deltakerane, knytt til kursinnhaldet. For å tilby eit desentralisert kurs i Hordaland, vart kursa avhaldne i Bergen og på Stord. Ved bruk av fylkeskommunale lokale og læringsressursar frå Kompetanse Norge vart opplegget gjennomført under budsjett.

Ut frå tilbakemeldingar frå kursdeltakarane, eit mål frå fylkeskommunen om å vidareføre satsinga på digital kompetanse og i samsvar med KMD, vart dei resterande midlane nytta til eit kompetanseopplegg knytt til e-læringskurset «23 offentlege ting». Kursopplegget vart gjennomført vinteren 2018 med 19 deltakarar frå bibliotek i heile Hordaland. Deltakarane tok e-læringskurset, kombinert med tre fysiske samlingar i Bergen (26. januar, 16. februar og 16. mars). I samband med kurset blei det lyst ut midlar til dekking av reiseutgifter, men det var ingen som nytta dette tilbodet. På samlingane gjekk ein igjennom kursmaterialet og brukte innleiarar knytt til tema i kurset. Vi har blant anna hatt innlegg av Jannicke Røgler, som har vore med å utarbeide sjølve kurset. I tillegg hadde vi hatt innlegg av representantar frå Noreg.no, NAV, Grind.no (lokalhistorie) og SSB, og vi avrunda med Øivind Frisvold, som snakka om biblioteket si rolle i den digitale offentlege informasjonen sin tidsalder.

Målgruppa

Målgruppa for prosjektet har vore alle dei 33 kommunale folkebiblioteka i Hordaland, med fokus på biblioteka utanom Bergen, som har vore mogleg ved å bruke e-læringsløyisingar.

Måloppnåing

I prosjektet har vi gjennomført kurs for å gjere rettleiarar tryggare på opplæring av vaksne i grunnleggande digitale ferdigheiter. Dei har utforska og lært om dei viktigaste digitale offentlege tenestene, som eit grunnlag for betre å rettleie publikum i bruk av tenestene, og vi fekk prøvd nye måtar å lære gjennom e-

læring. Det var ei interessant erfaring å snakke saman med andre offentlege etatar om deira digitale møte med borgarane, som Noreg.no og SSB. Kurset var også ein inngang til lokalt samarbeid, og deltakarane kunne lufte problemstillingar med t.d. Nav.

Vidareføring

Innsatsområda i prosjektet følger fylkeskommunen sitt arbeid for at folkebiblioteka kan spele ei viktig rolle for å oppnå politiske målsetjingar innan inkludering, integrering og utjamning av digitale skilnader, som er vedtatt i Regional kulturplan for Hordaland 2015 – 2025.

Fylkesbiblioteket vil følge opp kompetanseheving av bibliotektilsette sine digitale ferdigheiter vidare. Restmidlane i prosjektet (kr 12 589) er sett av til ei samling for å følgje opp kurset «23 offentlige ting» hausten 2018, då skal vi drøfte erfaringar med å nytte kompetansen ein har fått gjennom opplæringa.

Venleg helsing

Ruth Ørnholt
Fylkesbiblioteksjef

Terje Haugsgjerd
spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg:_rekneskap